



Vår dato:

01.09.2023

Vår ref:

2021/2205

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2020/18094

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Samordna uttale - offentleg ettersyn - Alver - Alverstraumen - fv 565 - ny bru - detaljreguleringsplan

Vi viser til offentleg ettersyn av detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua. Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Alver kommune utarbeidd detaljreguleringsplan. Formålet med planen er å leggje til rette for eit godt vegsystem som gir god framkomst og god tryggleik for alle trafikantgrupper, inkludert gåande og syklande. Ny bru og veg skal ha ei god utforming og leggje til rette for vidareutvikling av tettstaden Alversund.

### Statsforvaltaren sine merknadar

#### Naturmangfald

Det er registrert lågurtedellauvskog med stor verdi på austsida av Alverstraumen. Naturtypen er i kategorien sårbar (VU) i raudlista. I lokaliteten finst det ask og alm, som begge er sterkt trua (EN). I følgje planframleggvet vert edellauvskogen påverka både av direkte arealbeslag og pga. habitatfragmentering som følge av at det byggast ny bru og rivast ein gammal gjennom lokaliteten. Det er også lagt føresegnsområde for midlertidig bygge- og anleggsområde over heile lokaliteten.

Det er også registrert hol eik i planområdet. Hol eik er ein utval naturtype, og har svært stor KU-verdi. Det er vurdert at eika ligg langt frå tiltaket slik at ho ikkje vert råka. Sjølv om eika ligg eit stykke frå tiltaket er det lagt føresegnsområde for midlertidig bygge- og anleggsområde på det meste av planområdet.

Statsforvaltaren vurderer at mest mogleg av lågurtedellauvskogen og den hole eika bør bevarast. Området for midlertidig bygg- og anleggsområde bør difor i minst mogleg grad omfatte desse områda.

Naturmangfaldrapporten peikar også på at brualternativ K4 vil vere det beste alternativen for å unngå nedbygging av naturtypen. Dette alternativet vil også ha minst konsekvens for fugl i området. Det vert ikkje tatt stilling til bratype i planen. Vi meiner det er uheldig at planen ikkje tar stilling til dette. Verknad for naturmangfald må vere eit viktig kriterium for val av bru, og Statsforvaltaren ønskjer å



vere tydeleg på at vi meiner det skal gode grunnar til for å ikkje velje løysing som er best for naturmangfaldet.

### Støy

Det er utarbeidd ein støyrapport for reguleringsplanen. Den viser at om lag 20 bustader får støy over grenseverdien på fasaden. Det er utarbeidd eit støykart for støy 1,5 meter over bakken (uteopphaldsareal). Støyrapporten vurderer ikkje støytihøva i dag. Det er vert gjort ei overordna vurdering av støyskjerming som avbøtande tiltak, men detaljnivået er lavt, og nærmare vurderingar om skjerming skal gjerast i ytre miljøplan, på eit seinare tidspunkt.

Mangel på klargjering av støytihøve før ny bru og av endra vegsystem, gjer at det er vanskeleg å vurdere kva som er den reelle verknaden av planen.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 er tydelege på at dersom planområdet er utsett for støy over grenseverdiane i tabell 2, så skal det gjerast ei konkret utgreiing som inneholder:

- kart som viser støynivå på uteoppholdsareal etter utbygging -med og utan avbøtande tiltak
- kart eller figur som viser støynivå i relevante høgder på fasadar -med og utan avbøtande tiltak
- skildring av avbøtande tiltak
- dokumentasjon på at grenseverdiane i tabell 2 og kvalitetskriterier for støykjensle bygg kan tilfredsstilla

Det står også at dersom det vert planlagt avvik frå kvalitetskriteriene og grenseverdiane, skal dette synleggjera og forklara, slik at kommunen kan ta stilling til om avvika kan akseptera.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er utarbeidd kart som viser støynivå etter skjerming i denne saka. Eit unntak er støyskjerming av gravplassen, som vart ettersendt i e-post 18.08.23. Vi forstår det slik det ikkje vil vere mogleg å støyskjermje slik at grenseverdiane i tabell 2 vert overholdne alle stader. Vi meiner at dette ikkje er godt nok synleggjort eller forklart i støyrapport eller i planskildringa.

Det er presisert i støyretningslinjene at det er særleg viktig ved planlegging av veg eller jernbane, at støy er tilstrekkeleg utgreidd og sikra i reguleringsplanen, og at omfang og utforming av kjelderetta tiltak mot støy skal takst inn i plankart og føresegner, jf. T-1442/2021 side 17.

Om føresegn står det i T-1442, at dei skal tilpassast den enkelte reguleringsplan og angi støygrenser og kva grenseverdiar og kvalitetskriterier som gjeld for støykjensle bygg.

Før ein har ein god oversikt over kva verknad ny veg vil ha på støy i området, og kva verknad avbøtande tiltak vil kunne ha, er det vanskeleg å lage gode føresegner for støy. Slik vi les den konkrete føresegna til støy i reguleringsplanen, skal den sikre at grenseverdiane vert nådd. Om det er slik at det ikkje er realistisk at dei vert nådd, kan ein ikkje ha ein slik føresegn. Vi viser til rettleiar til støyretningslinjene der det står:

*«Bestemmelsene må ikke gi inntrykk av at det blir en bedre støysituasjon enn hva som faktisk kan oppnås. Eksempelvis kan ikke bestemmelser si at grenseverdier skal overholdes eller at kvalitetskrav skal oppnås, samtidig som støyutredningen viser at dette ikke vil være mulig. Reguleringsbestemmelsene må angi de*



grenseverdier og kvalitetskrav som faktisk kan oppnås og vise hvilke avvik det åpnes for, slik at berørte parter får en mest mulig realistisk beskrivelse av fremtidig situasjonen når det gjelder støy og effekten av planlagte avbøtende tiltak.

*Bestemmelsene skal vise eierne av berørte eiendommer hvilket støynivå de må akseptere i fremtiden. Dersom eiere eller høringsparter mener støyforholdene som fastsettes i bestemmelsene ikke kan aksepteres, har de mulighet til å skrive dette i en høringsuttalelse, eventuelt klage på planvedtaket.»*

Statsforvaltaren er også skeptisk til at det står i føresegnehøgda at «*Lokale skjermingstiltak er avhengig av at grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom*». Statsforvaltaren meiner i utgangspunktet at dette er ein uheldig føresegn. Vi forstår at føresegnar kan vere hensiktsmessig når det gjeld fasadeendringar på hus, men ved samanhengande støyskerm vil ei nekting også kunne påverke støyforhald på naboeigedomen. Vi rår til at ein tar ut denne setninga. Om ein vel og ikkje ta han ut, bør ein konkretisere kva som ligg i lokale skjermingstiltak som ev. kan utelataast etter ønskje/krav frå huseigar.

Statsforvaltaren meiner verknad av støy på støykjenslege bygg må klargjerast med informasjon om støy i dag, og kart som viser verknad av støyskerming. Det må òg kome klart fram kor planen vil avvike frå tabell 2 i T-1442, og det må vere samsvar mellom føresegner og støyvurderingar.

#### Støy på gravplassen

Statsforvaltaren er fagstyresmakt med rett til motsegn i samband med regulering av gravplassar og elles der tiltak vil virke på slike. (Plan- og bygningsloven med Rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven).

Gravplassloven og gravplassforskrifta har sentrale føresegner om gravplassar:

*«Statsforvalteren skal ha anledning til å uttale seg før kommunen gjør vedtak, jf. plan- og bygningsloven kapittel 11 og 12 (§ 2 i gravplassforskrifta).»*

*«Statsforvalteren skal forvalte innsigelsesretten etter plan- og bygningsloven for å ivareta nasjonale hensyn i gravplassloven med forskrift og innhenter faglige råd fra Statsforvalteren i Vestfold og Telemark (Hovedinstruks, 21.12.2021, pkt. 5.3.1.9).»*

Gravplassloven sin formålsparagraf seier at gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørdrnad som eigenarten legg til grunn (sjå § 1 i gravplassforskrifta). Ein skal ta vare på gravplassen sin særegne funksjon på ein verdig måte, særleg som stad for gravferd, sorg og som minnestad.

Gravplassforskrifta § 2 har føresegner som skal sikre dei viktigste hensyna til gravplassen i arealplanprosessen, blant anna støy:

*«Gravplass skal skjermes mot støy i samsvar med gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging.»*

Dei fleste innbyggjarar vil i løpet av livet komme i ein situasjon der dei har behov for å oppsøke gravplassen. Menneske i sorg er i en sårbar situasjon, og stillheit og ro til sorg og ettertanke er viktige kvalitetar ved ein gravplass. Gravplassane fyller difor en viktig funksjon for innbyggjarane.



Dette bør kommunen som planmyndighet være bevisst på i saker som råkar gravplassar. Folk skal kunne komme til gravplassen og være trygg på å kunne være skjerma frå påtrengande støy. Bilvegar med mykje trafikk eller høg hastigkeit er derfor ikkje nødvendigvis eit godt naboskap for en gravplass.

Tettstader utviklar seg over tid, og det er ikkje alltid mogeleg å endre plassering av verken veg eller gravplass i ettertid. Difor er det svært viktig at ein i planprosessen er oppmerksam på slike interesser, som kan være motstridande, og bruker planprosessen aktivt til finne løysningar som tek vare på begge interessene så godt som mogeleg. Fysisk skjerming mot støy er et tiltak som verkar avbøtande, som er let seg gjennomføre og som ikkje nødvendigvis svært ressurskrevjande. Slike tiltak kan bidra til å motvirke eventuelle konfliktar for framtida.

Støyrapporten utarbeidd av Multiconsult, datert 18.8.2022, viser at store delar av gravplassen ligg i gul støysone. Det gjeld eit område langs vest- og nordsida av kyrkja, og deler av gravplassen som ligg langs Skarsvegen. Det er i etterkant gjort meir detaljerte berekningar som viser effekten av ulike støyskjermingstiltak langs fylkesvegen og/eller ved kyrkja (e-post frå Svein Åsmund Slungård/Multiconsult datert 9.8.2023). Multiconsult viser at støyskjermingstiltak kan ha god effekt på delar av areala som ligg i gul støysone. Det er mogeleg å oppnå kvit sone, men då vil det vere naudsynt med forholdsvis høge skjermar både langs vegen og oppe ved kyrkja. Av omsyn til kyrkjestaden som kulturminne og som område for rekreasjon, ser vi at det kan være konfliktfylt å gjennomføre tiltak som får omfattande visuelle konsekvensar.

Multiconsult viser at det ein ved ei skjerming som er 0,9 m høg, kan oppnå forholdsvis god effekt både ved kyrkja og ved arealet langs Skarsvegen. Statsforvaltaren rår til at det vert teke inn i føreseggnene det som gjennomførast støytiltak, som vist i ovannemte e-post (*illustrasjon 2 som har teksten «Her er det foreslått tett betongrekkverk langs fylkesvegen, vist med grønn strek. Dette er regnet 0,9 m høyt»*). Gjennomføring av støytiltak må sikrast i rekkjefølgjeføreseggnene. Ein god utforming av støyskjermen bør sikrast i føresegner om estetikk. Vidare bør støyskjermen si lengd og plassering leggjast inn i plankartet, med symbol.

#### Støy i anleggsfasen

Det må lagast ein plan for handtering av støy i anleggsfasen. Dette må inn i føreseggnene. Det må vere tett kontakt med fellesrådet i anleggsfasen slik at byggeverksemda og gravferder ikkje kjem i konflikt med kvarandre, på grunn av anleggstrafikk og støy.

Vi minner også om at ein gravplass som ligg i eit område som er utsett for støy vil ha mindre potensial for utviding i framtida. Kommunen bør vurdere dette i samanheng med gravleggingskapasiteten totalt i kommunen.

#### Statleg samordning

Vi viser til brev av 22.12.2017 der kompetanse til å samordne motsegn er delegert til Statsforvaltaren, tidlegare Fylkesmannen. I denne saka har Statsforvaltaren i Vestland varsla mogleg motsegn. Statsforvaltaren ønska difor å diskutere støy og naturmangfald før vi vurderer om det er naudsynt å fremje motsegn. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark er gravplassmyndighet, og ønska å diskutere støy og støyskjerming av gravplass. På bakgrunn av dette vart det avtalt eit dialogmøte, som vart halde på Teams 22.08.2023.

Til stades frå Alver kommune:

- Sara Sekkingstad
- Anne Grete Eide
- Siril Therese Sylta
- Are Frøysland Grand
- Ingrid Raniseth

Til stade frå Vestland Fylkeskommune:

- Ingar Hals
- Andreas Knarvik Kolås

Til stades frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

- Svanhild Sotland
- Steinar Jacobsen

Til stades frå Statsforvaltaren i Vestland

- Egil Hauge
- Hege Brekke Hellesøe

Kort referat frå møte.

Det vart ønska velkommen. Ordføraren i Alver presiserte at dette er ein viktig plan og viste til at det er viktig med god framdrift. Så vart dialogpunktet diskutert.

Statsforvaltaren i Vestland presenterte si vurdering av manglar ved støyrapporten og om føresegner om støy. Det er fylkeskommunen som har utarbeidd planen og dei meinte at støyrapporten ikkje var uklar, og at føresegnerne om støy var dei same som dei har brukt i andre saker. Statsforvaltaren lurt på om det er stor forskjell på dagens situasjon og situasjonen med ny veg. Vestland fylkeskommune meiner det er liten forskjell. Det vart også diskutert om ein kan ha føresegn om at lokale skjermingstiltak er avhengig av at grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom. Statsforvaltaren er i utgangspunktet kritisk til dette. Støytiltaket skal i utgangspunktet støyskjerm eigedomen uavhengig av eigar, og skal bygge på eit behov for støyskjerming. Kommunen peika på at om støytiltaket er eit tiltak på sjølve huset, kan det bli vanskeleg å gjennomføre om eigar ikkje ønsker tiltaket. Dette kan skape problem for gjennomføring av planen.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark opplyser at dei som gravplassmyndighet er oppteke av at det er eit best mogleg miljø på gravplassen. Kulturminnemyndighet bør også vere med i dialog om dette. Det er etter offentleg ettersyn utarbeidd nokre nye støykart som viser forskjellige moglegheiter for støyskjerming av kyrkjegarden, og som viser at ein kan oppnå ganske mykje med skjerming langs vegen. Skjerminga bør vere minimum 0,9 meter høg. Dette må sikrast i føresegnerne. Fylkeskommunen på si side ønsker ein «rund» formulering, slik at ein ikkje bind seg til ei spesifikk løysing. Det vart vist til at vegstyresmakta har god røysle med å handtere dette.

Vi gjekk så over til å diskutere korleis ein kan sikre naturmangfold (hol eik og lågurtedellauvskog) i planområdet. Statsforvaltaren meiner at ein må sikre naturmangfold betre i planen. Det er lagt inn midlertidig anleggsområde på store deler av planområdet. Det vart diskutert om dette arealet kan reduserast, slik at planen mest mogleg tar omsyn til naturmangfaldverdiane. Statsforvaltaren ønskea òg ei klargjering av om riggområde kjem i konflikt med den registrerte, hole eika. Det er då viktig å ha kontroll på utstrekninga på eika sine røter. Det bør også vurderast om det er fornuftig med ei



omsynssone for natur på areal med hol eik og lågurtedellauvskog. Statsforvaltaren meier også at verknad for naturmangfald må vere med i vurdering av val av bratype, jf. naturmangfaldlova § 12.

Det vart konkludert med at det skal arbeidast vidare med planen. Statsforvaltaren får utsett medverknad i saka, men sender ein uttale seinast 01.09.23.

### **Etter dialogmøtet**

Etter dialogmøte har Vestland fylkeskommune sendt ein e-post der dei skriv at dei kan avgrense anleggsområdet slik at ein skjermar deler av edellauvskogen. Det står også at dei kan sveine utanom den hole eika, med ei radius på 15 meter. Statsforvaltaren finn å kunne godta dette, om det også vert tatt inn føresegns som sikrar at arealet skal merkast fysisk i terrenget i anleggsperioden, og at om ein skal nært opp til området med hol eik, må ein ha ein fagkyndig vurdering av verknader på rotssystemet.

Om støy skriv Vestland fylkeskommune at kart, føresegner og omtale generelt gir gode føringar for kva krav som ligg til støyskjerming ved gjennomføring av tiltaket. Dei skriv også at dei tek med seg at omtale/rapport bør seie noko meir om situasjonen i dag, for å få fram verknader. Statsforvaltaren viser til vår støyyvurdering lengre opp i denne uttalen. Vi ber om at dette vert følt opp. Om det vert dokumentert at det ikkje er ein forskjell, eller liten forskjell på støy etter utførte tiltak, vil ikkje Statsforvaltaren ha eit motsegn behov til støy i denne saka.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren kan godta foreslått endringar i midlertidig anleggsområde om ein også tar inn føresegns om merking og fagkyndig vurdering av rotssystemet til den hole eika. Vi ber om at omsynet til naturmangfald vert tatt inn som eit kriterium for val av bratype og at det vert vurdert om det kan vere fornuftig med ein omsynssone - natur i plankartet. Vi viser elles til vår vurdering av støy som råkar støykjenslege bygg og gravplass. Vi ber om at dette vert følt opp.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune  
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

|               |      |          |
|---------------|------|----------|
| Postboks 7900 | 5020 | BERGEN   |
| Postboks 2076 | 3103 | TØNSBERG |